



Meland kommune  
v/rådmannen  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

## INNKALLING TIL KONSTITUERANDE REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Til orientering! Følgjande innkalling er gått ut til dei respektive medlemmene og varamedlemmene:

Det vert konstituerande representantskapsmøte i NGIR **måndag 14. mars 2016 kl. 11.30** i Kjevikdalen.

### Sakliste:

- Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 02/16 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
- Sak 03/16 Val av leiar i representantskapet
- Sak 04/16 Val av nestleiar i representantskapet
- Sak 05/16 Val av valnemnd i representantskapet
- Sak 06/16 Orientering om NGIR
- Sak 07/16 Eventuelle innspel frå eigarane

I utgangspunktet er det berre faste medlemmer som møter. Varamedlemmer møter berre dersom dei vert særskild innkalla til møtet.

Møtet startar med mat. Omlag kl. 12.15 vil det verta omvising på anlegget. Ta difor med/på høvelege klede og sko.

Saksdokument vert sendt ut 14 dagar før møtet til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no). Dersom du heller ynskjer at me skal senda saksdokument til ei anna e-postadresse, ver venleg å melda dette til [kleiveland@ngir.no](mailto:kleiveland@ngir.no).

Dersom du ikkje kan møta, meld frå så tidleg som mogleg, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til [post@ngir.no](mailto:post@ngir.no).

Kjevikdalen, 15.02.16

Sveinung Kråkås  
- Utgåande representantskapsleiar -

  
Erlend Kleiveland  
- Dagleg leiar -